

# Seterbrukaren

Skrift frå Norsk Seterkultur  
Nummer 3 – november 2002



## ***Innbald:***

<i>Flinke Bønder, de som satser?</i>	s. 2
<i>Kulturlandskapspris</i>	s. 2
<i>Mange stølsarrangement i sommar</i>	s. 3
<i>Seterferie for byfolk</i>	s. 4
<i>Seterprisen 2002</i>	s. 5
<i>«Fjellenes kvinner»</i>	s. 6
<i>Organisasjon</i>	s. 6
<i>Fjellkonferansen</i>	s. 7



Utgjevar: **Norsk Seterkultur,**  
6214 Norddal  
telefon 70 25 91 77  
telefaks 70 25 91 57  
E-post: seter@seterkultur.no  
www.seterkultur.no  
Bankgiro: 2357 20 51169

Redaktør: Torhild Svisdal Mjøen  
Trykk: Snøfugl Grafiske,  
7340 Oppdal

Foto framside: Jostein Sande

### Styret:

Leiar:

Jostein Sande, 6214 Norddal.  
Tlf 70259108. jossande@online.no

Marit Hoel, Skrenten, 6400 Molde.  
Tlf 71244604 hoel.marit@c2i.net

Anne Ulsaker Bækken,  
3560 Hemsedal. Tlf 32060266  
aub@ulsaakstolen.com

Gjermund Stormoen.  
TINE Norske Meierier. Tlf 22938800.  
gjermund.stormoen@tine.no

Kjersti Reksten Sole,  
2685 Garmo Tlf. 61 21 25 50  
georgsol@frisurf.no

### Neste blad

kjem i desember, med siste frist for stoff og foto 20. november. Vi oppmodar som vanleg alle til å bidra - både Seterbrukaren og heimesida [www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no) er gode kanalar for å formidle kva som skjer i seterlandet. Tips om folk som bør få Seterbrukaren - med tanke på medlemskap - tek vi og gjerne imot.

# «Flinke bønder, de som satser» .....?

Vi høyrer politikarar seie det, vi høyrer toppar i landbruksorganisasjonane seie det: vi må satse på dei flinke bøndene, dei dyktige bøndene, dei som satsar ....». Kva ligg i desse utsegnene? Kven er desse bøndene? Jau, dei bøndene som får slike karakteristikkar er nok dei som kjøper mest kvote, investerer stort i nybygg, store traktorar og ditto reiskap, organiserer drifta i AS ... osv. Stort og kapitalkrevjande må det vera, skal du som bonde bli slike karakteristikkar til del! Og språk er makt. Ordbruken set dagsorden, påverkar oss til å tru at det finst berre ein veg framover for landbruket. Del av denne ordbruken er vel og kommentarane frå ein del av dei same når resultatet av årets kvotesal er klart: uro over at så mange «store» sel kvoten. Sagt rett ut, det er ikkje dei rette som sluttar!

Stordrift og industrialisering blir idealisert. Bøndene får dommen, anten finn du din plass blant dei «flinke», «dyktige», «de som satsar» .... eller så er det ut! På ei stor fagsamling for geitebønder nyleg sto det i debatten fram tre bønder som alle presenterte seg som «tilfreds geitebonde». Vi veit at i allefall to av bruka har kvotar godt under gjennomsnittet. Likevel tilfredse! Dei var opptekne av utviklinga rundt seg, i grenda, i bygda - der mange geitebønder hadde slutta. La ikkje skjul på det negative, men sto fram med ei

tru på at det finst andre vegar enn einfaldig stordrift, at det går an å auke verdiskapinga med utgangspunkt i den råvareproduksjonen ein har. I same debatten sto det sjølsagt også opp bønder med fokus einseitig retta mot kvotekjøp og stordrift, mest opptekne av at ein ikkje får skrive av utgifter til kjøp av kvote, mindre opptekne av utarma bygdesamfunn og attgroing. Ingen av av desse sto fram som «tilfreds geitebonde»!

Både politikarar og landbrukstoppar talar vakkert om større mangfald og multifunksjonelt landbruk, men stimulerer samstundes - både i ordbruk og praktisk/økonomisk handling - utviklinga av eit lukka og einfaldig landbruk, prega av industriell tankegang og ein enorm kapitalstraum ut av bygda. Tru om vi nokon gong skal oppleve at bønder som driv på det jamne målt i volum, og som greier å få mykje ut av lite og bidreg til stor lokal verdiskaping, skal bli karakterisert som «flinke» og «dyktige»?

Ikkje minst gjennom siste sommaren har vi opplevd ei mengd kreative stølsarrangement og møtt mange bønder som driv aktiv stølsdrift, og som gjennom å satse på mulegheitene i denne driftsforma skaper store verdier både for seg sjøl og andre. Verkeleg dyktige bønder!

Jostein

## Kulturlandskapspris til seterlandskap

Kulturlandskapsprisen i Møre og Romsdal går i år til grunneigarlaget som står bak eit områdetiltaksprosjekt på Innfjordfjellet i Rauma kommune. Området har fine, særmerkte seterstølar, mange gamle seterhus, eit veldig spanande kulturlandskap og eit biologisk mangfald vel verdt å ta vare på. - Tre mjølkeprodusentar fører framleis kyrne til

støls i dette dalføret, og det beiter elles mykje storfe og sau i dalen. På Bøstølen er det ein triveleg stølskafe, og kvart år er denne stølen arena for eit seterstemne. Dei som er innoom internett kan få meir opplysningar om dalen og prosjektet på [www.planteforsk.no/prosjekt/dok/SH\\_24144.htm](http://www.planteforsk.no/prosjekt/dok/SH_24144.htm)

# Mange stølsarrangement i sommar

Seterdrifta godt markert i det internasjonale fjellåret

Frå mest alle deler av landet blir det meldt om stølsarrangement. Det vil føre for langt for oss å nemne alle, men gjennom tilskipingar kalle seterstemne, stølsdag, seterkveld, bufarhelg og mangt anna har seterdrifta og seterkulturen verkeleg vorte markert. Eldsjeler har stått for tilstellingar som har samla mange tusen menneske og gjort seterdrifta godt synleg i media. Mange av arrangementa har fokusert på FN's internasjonale fjellår- og medverka til dialog og alliansar mellom ulike brukarar av fjellområda. Det står verkeleg respekt av innsatsen til enkeltpersonar og organisasjonar som bondekvinnelag, bondelag, småbrukarlag, turistforeningar og historielag. Dessutan har mange kommunar gjennom sine bidrag i fjellåret lagt stor vekt på stølsdrifta, både med perspektiv på fortida og framtidens utfordringar. - Seterbrukaren har ikkje eigne ressursar til å dekkje mange slike stølsarrangement, men oppmodar alle om å sende tekst og bilete frå slike arrangement - som kan få plass i bladet eller på heimesida.

## Stort seterstemne i Einunndalen

Folldal kommune i lag med mange lokale lag og foreningar arrangerte seterstemne på Meløya i Einunndalen 17. og 18. august. Arrangementet var del av den lokale markeringa av Fjellenes år, og bau på eit mangfaldig program. Meløya er setra til Storsteigen landbruksskule i Alvdal, og var ein praktfull arena for eit slikt arrangement.

## Paneldebatt

«Norske setertradisjonar - en kulturarv å ta vare på?» - Mål og virkemidlar for norsk seterpolitikk» var tema for debatten, der Sigurd Avdem, Bondelaget, Arne Grue, Småbrukarlaget, Jostein Sande, Norsk seterkultur, Kjell Håvard Tuv, Norges Vel og Svein-Erik Ovesen, Norges Turistråd møttest til dyst. Det vil seie, nokon særleg debatt vart det vel ikkje, til det var deltakarane for einige. Desverre hadde stortingsrepresentant Bjørn Hernæs, Høyre, meldt forfall. Med ein representant for regjeringspartia på plass ville nok meiningskilnadane ha kome meir til syne. For som fleire av deltakarane i panelet var inne på, den generelle landbrukspolitikken er svært avgjerande for framtida for



Det var eit tettpakka program under seterstemnet i Einunndalen, m.a. med fleire musikkarar i aksjon. Tone Hulbækmo lokka kyrne i kne med ei gammal Folldalsbarpe. Foto: Marianne Østby, Arbeidets Rett

seterdrifta slik vi kjenner den i dag.

**Sigurd Avdem** meinte vi kan svare eit unisont ja på spørsmålet om seterdrifta er verdt å ta vare på. Han understreka kor viktig seterdrifta og beitinga i utmarke er for mange bruk, og han understreka verdien for kulturlandskap, biologisk mangfald og reiseliv - som gir grunnlag for nye næringar og nisjeprodukt. Avdem slo elles fast at mykje avheng av strukturutviklinga framover, og han heldt fram at det meste av landbruket vårt bør baserast på familiebruket og den strukturen vi kjenner i dag.

**Arne Grue** meinte jordbruksforhandlingane slik dei er i dag bør avskaffast! Dei fører oss galne vegen, skal vi klare å ta vare på seterbruket må vi ha bønder, mange bønder! Grue heldt fram at vi må hente meir ut av det vi produserer, og etterlyste reglar og forskrifter som gjer det lettare å utvikle lokal verdiskaping. Seterdrifta bør kunne danne grunnlag for mangfald i næringsverksemda, med ny produksjon parallelt med den tradisjonelle. **Kjell Håvard Tuv**, prosjektleiar i Levande Stølar i regi av Det Kgl. Selskap for Norges Vel, stilte spørsmålet om stølsdrifta har nokon plass i det moderne landbruket, og svara nei! Slik det moderne landbruket no utviklar seg har ikkje stølsdrifta nokon plass. Men har det nokon plass i framtidens landbruk? Ja! Tuv kalla jordbruksforhandlingane eit skuespel, og slo fast at «framtida må skapast, ikkje vedtakast!» Også Tuv la vekt på mulighetene stølsdrifta har for nisjeprodukt, spesialprodukt, særprega produkt, opplevingar - og oppmoda lokalt reiseliv om å alliere seg med stølane. Greier vi å

utnytte dette vil mjølkeproduksjon med stølsdrift greie seg godt. **Jostein Sande** slo fast at det mest kostnadseffektive stellet av kulturlandskapet er dyr på beite. Setrene er svært viktige. Men dei siste jordbruksoppgjera har slege spikaren i mang ei seterdør - 21% vart borte frå 1996 til 2001! Stølane er «åpen gard» i 2-3 månader, betyr utruleg god marknadsføring for eit samla landbruk. Driftsforma fortener støtte og oppmerksomheit. Og det er stor kreativitet blant seterbrukarane, som bidreg til stor lokal verdiskaping både gjennom tradisjonell og nyskapande drift. **Svein-Erik Ovesen** la vekt på at seterdrifta betyr mykje for turismen, og heldt fram at vi må sette fokus på kva seterdrifta er og kva den representerer for å formidle verdien. Naturbaserte opplevingar er «in» no, både nasjonalt og internasjonalt. Seterdrifta passer veldig godt i dette. Folk etterspør gjestfrihet, og det ekte, noko som har tradisjon på stølane. Grunnlaget for gode produkt er der, vi må berre gjere det kjent og tilgjengeleg. Det må leggst til rette for kombinasjonen av landbruk og reiseliv. - Det var mange innspel frå dei frammøtte, og eitt var at Einunndalen-landets lengste seterdal med 25 setre i drift - bør utvikle noko for dei mange besøkjande i dalen. I dag er det ikkje så mykje som ein kaffekopp å få kjøpt, dette bør vi i samarbeid endre, var det fleire frammøtte som uttala. Ein slik praktfull seterdal bør ha både stølskost og opplevingar å by på, la oss samarbeide om ei slik utvikling, var konklusjonen på debattmøtet som gjekk føre seg på setervollen.

# Seterferie for byfolk

Av Bjørn Jacobsen



Foto: Berit B. Skundberg, Romsdals Budstikke.

Etter å ha vært borte flere år fra det praktiske arbeidet i landbruket fikk jeg ideen om å reise til seters. Egentlig litt uvanlig for meg som kommer i fra Nord-Norge og var vant med sommerfjøs. Men i alle fall, familien var villig til å prøve noe nytt i ferien. Jeg startet med å ringe fjellkommunene Folldal og Oppdal som ikke er så langt fra Molde der vi bor. Vi fikk tips om å prøve Tynset og der ble det full klaff. Vi fant drømmesetra med fritidsmuligheter, og samtidig med så stor og moderne drift at det også var ei faglig utfordring. Vi har holdt på 2-3 uker i 8 år og det har hele tida gitt mersmak. Siste åra er det ungene som har fått bestemme og når februar kommer så har de hittil sagt; Ja vi vil på setra i år også.

Med 18 vårkalva kyr, kalver og kviger blir det fort 5-6 timers arbeid for dagen sjøl om det er moderne drift med rørmelking og det hele. Det er også litt problematisk for da jeg var 8-10 år, som ungene mine er nå, kunne jeg melke med gode gamle spanmaskina. Nå tør jeg ikke la ungene gjøre annet enn å tørke av jur og ta av maskinen av og til.

Men så har de hovedansvar for å skrape ned og fli fjøset, gi kraftfôr og jage kyr inn og ut. Kalvene er de og med å forer, men det er også et område som er mer følsomt enn i gamledager. En må følge nøye med på de minste for eventuell magesjuka.


Kyr og kviger går på utmarksbeite om dagen og om natta er de på inngjerdet nattbeite. En tur i skogen sammen med dem gir et innblikk i utnyttelse av foret i marka og vedlikehold av kulturlandskap. I tillegg til gras går mose, blad med mer ned i stort tempo. Med en produksjon på 450 liter om dagen så må det gis kraftfôr, men her det jo en utfordring i å få maksimalt opptak på beite. Med denne type kombinasjon av utmarks og innmarksbeite er det sistnevnte en har størst mulighet til å bruke i stedet for kraftfôr

Seterdrifta er til glede både for folk og fe. Naturen blir utnyttet og mange er de turistungene som har stoppa for å spørre om de fikk klappe kalvene. Seinkveld med godt vær, drøvtyggende kyr, bjelleklang og en plutselig kalvedans er det ikke vanskelig å se verdien i

seterdrifta. Men satt opp mot at de 6 setrene i dalen der vi er sikkert kunne vært samla i et stort fellesfjøs både sommer og vinter, for å oppnå bedre økonomi og enda mer rasjonell drift, må en legge inn andre verdier enn økonomi for å forsvare seterdrifta.

«Nu Bjørn får jag 1000 kronor om året, direkt från Bryssel for at ha en fjellko», sier en svensk kjenning av meg. Han har trønderfe og får støtte for å ta vare på gamle kuraser. I andre deler av Sverige får en store tilskudd per dyr bare for i det hele tatt å ha dem på beite fordi at kulturlandskapet og turismen skal få sitt. Av dette trekker jeg at kombinasjonen av reell seterdrift i kombinasjon med at storsamfunnet ser de verdier dette skaper og dermed støtter opp økonomisk om seterdrift har framtida for seg. Vi vil da kunne nærme oss å tørre å stille spørsmålet; Hvem skal lære bort gleden av å betale mer for maten?

Spørsmålet vi politikere må stille oss, når vi ser at kravet fra folk blir at det skal bli billigere ved kassaapparatet, er hvor betales og av hvem betales regninga då når den ikke skal betales på butikken. Jeg vet at når prisen presses får det konsekvenser for miljø, dyrehelse og bøndene presses til å drive på en måte de ikke vil. Seterdrifta er det ikke vanskelig å få folk til å elske, men ser de koblinga derfra til at industrilandbruket tar over hvis ingen står opp for et landbruk som er moderne, men og har med seg det beste fra historia vår?



# Bru- byggjarar

Dei som deltok i paneldebatten under seterstemne på Meløya i Einunndalen 17. og 18. august:

Sigurd Avdem, Bondelaget, Arne Grue, Småbrukarlaget, Jostein Sande, Norsk seterkultur, Kjell Håvard Tuw, Norges Vel og Svein-Erik Ovesen, Norges Turistråd.

Foto: Marianne Østby, Arbeidets Rett.



# Formell avslutning av prosjektet Levande Stølar

14.- og 15- oktober var det invitert til formell avslutning på prosjektet Levande Stølar - på Oset Høyfjellshotell på Golsfjellet. Deltakende gardsbruk og mange av de forskjellige samarbeidspartnerne deltok med en eller flere representanter, og første dagen fikk en bli med på en mer intern gjennomgang av erfaringer fra prosjektbruka. Om kvelden var det festmiddag og dagen etter åpent miniseminar omkring resultatene fra Levande Stølar. Resultata fra

prosjektbruka er gode, mange har auka inntektene vesentlig, og de prosjektansvarlige fikk god omtale for innsats og opplegg. - Det er sjølsagt viktig at resultat og erfaringer blir delt med flere, og vi vil presentere noe av dette i senere utgaver av Seterbrukaren. Sluttrapporten for prosjektet Levande Stølar kan bestilles i tlf. 64832000 eller lastes ned fra <http://www.norgesvel.no> - der en også kan finne mere informasjon om prosjektet.

# Seterprisen 2002



Under Budeieballet på Beitstølen lørdag 7. september ble seterprisen utdelt for andre gang. Tidligere statsminister Kåre Willoch stod for den høytidelige overrekkelsen, og han holdt samtidig en tale som understreket viktigheten i at seterdrifta opprettholdes. Årets seterpris gikk til Åshild Dale og Jostein Sande fra Norddal på Sunnmøre.- Gjennom innsats i tradisjonell seterdrift med ysting og framstilling av tradisjonelle matprodukt og utvikling av turistnæring basert på seterdrifta, har de formidla stølskulturen til et større publikum. I juryens begrunnelse for tildeling av seterprisen 2002 ligger også deres ekstraordinære innsats i utvikling av interesseorganisasjonen Norsk Seterkultur. Det er det Kgl. Selskap for Norges Vel som forvalter prisen, og jury for seterprisen 2002 har vært: Cesilie Aurbakken, Norges Bondelag, Jon Petter Løvstad, Norsk Bonde- og Småbrukerlag og Kari Bay Haugen, Det Kgl. Selskap for Norges Vel.

Frå budeieballet på Beitstølen. Willoch med seterprisvinnarane og Anny Opedal Fodnes frå Leira i Valdres som fekk gullmedalje for osten sin under osteutstillinga på Fagernes.

Foto: Bjørn Karsrud. Avisa Valdres.

# Konferansen "Fjellenes kvinner"

markerer avslutninga av "Fjellenes år 2002". Konferansen setter fokus på forvaltning, kulturarv og friluftsliv og blir arrangert på Røros 11. og 12. desember. Dronning Sonja åpner konferansen. - Norsk seterkultur er blant arrangørene av konferansen, og det tettpakka programmet har mange innslag knytta til utviklinga i bygdene, landbruket og seterdrifta. Norsk seterkultur vil også nytte høvet til å presentere seg gjennom ei lita utstilling i forbindelse med konferansen. - Konferansen skal belyse kvin-

ners forhold til natur og kultur og synliggjøre kvinner som ressurs i forhold til fjellforvaltning, kulturarv fra fjellet, friluftsliv i fjellet samt bidra i arbeidet med en nasjonal fjellpolitikk.

Målgruppe for konferansen er alle som har interesser for fjellforvaltning, kulturarv og friluftsliv. I tillegg til dronning Sonja finner vi bl.a. disse på programmet: miljøvernminister Børge Brende, Janne Solli, Direktoratet for naturforvaltning, professor Vandana Shiva, Ingrid Gullvik, Østlandsforskning, Gunhild Brun, sauebonde fra Nummedal, Wenche Hjelmset, Statsskog, Randi Karlstrøm, bygdeutvikler m.m. fra Finnmark, Rigmor Solem, Statens naturoppsyn, Nils Marstein, riksantikvar, Jostein Sande, Norsk seterkultur, Hege Nerland, bonde fra Hemsedal,

Elin Lerum Boassen, Natur og Ungdom, Liv Arnesen, polfarer/eventyrer, Kjersti Pedersen, Norges Idrettshøyskole, Lena Fauske, Norges Høgskole, Espen Farstad, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Rune Øygard, ordfører i Vågå, Øystein Dahle, DNT. Konferansen foregår på Quality Hotell Røros, men ikke alt skjer der. Om kvelden ønsker "Brek-kjærringa" velkommen til bords i fjellbygda Brekken - der en festmiddag helt utenom det vanlige blir servert. Og senere er det midnattsmesse ved biskop Finn Wagle i Røros kirke. Mer om program og påmelding: DNT, Postboks 7 Sentrum, 0101 Oslo. Programmet er også tilgjengelig på DNTs hjemmeside - og sjølsagt på [www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no)

## Organisasjon

Styret hadde møte i Lom 24.9. Litt frå referatsakene: Gjennom våren og sommaren har det vore mange representasjonsoppgåver, på nasjonale, regionale og lokale konferansar, seminar, stemne m.m., der fleire av styremedlemene har teke sin tårn. Seterbrukaren nr. 2 kom ut i juni i eit opplag på 1200, og vart spreidd via fleire stølar, hotell, turistinformasjonar o.a. God respons, blant anna ein del nye medlemmar. Ein ny brosjyre vart laga i samband med Bufarhelga. NSK har medverka i samband med mange Fjellenes år - arrangement.

Styret hadde møte med Norsk Kulturarv, der ein drøfta vidareføring av samarbeid på ei rekkje område. NK og NSK har mange felles satsingsområde - og det kan vera aktuelt med eit meir formalisert samarbeid. - Elles drøfta styret særleg spørsmål kring utviklinga av Norsk seterkultur som interesse- og nettverksorganisasjon. NSK får - etter søknad til jordbruksavtalepartane i vår - kr. 200.000,- til organisasjonsutvikling. Dette gjeld året 2003, og gir basis for ytterlegare vekst og kreativitet i organisasjonen. Å drive organisasjonen berre på grunnlag av gratisarbeid set sine grenser, men med desse midlane på plass kan NSK bli langt meir slagkraftig - til beste for det mangfaldige seterlandet!

Styret vedtok elles å legge neste årsmøte til sørdelen av Gudbrandsdalen - helga 10.-11. mai 2003. NSK har mange medlemmar i området, som vil hjelpe til

med arrangementet. - Men før den tid er NSK med på å arrangere ein større konferanse på Røros 11.-12. desember i høve FN's fjellår. No er endeleg turen komen til «Fjellenes kvinner» på fjellårets konferanseprogram. NSK legg opp til å avvikle styremøte i samband med dette arrangementet, og gjennom utstilling og anna vil organisasjonen ved dette høvet markere seterdrifta og kvinnes innsats i fjellet.

### Stor trafikk på heimesida

Det er mange som «besøker» Norsk seterkultur på [www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no) Og særleg mange var det i sommar-månadane, heilt opp i 10-12 000 pr. måned! Ingen tvil om at mange søker informasjon om kva som skjer i stølsområda med tanke på ferieopphald. Såleis er også svært mange innom presentasjonen av dei setrene som er med på heimesida til NSK - under tittelen «Velkomen til seters». Dette tilbodet skal vidareutviklast til neste sesong, fleire setre er i kjømda - og enda fleire bør henge seg på dette gode marknadsføringstilbodet! Det er også mange, frå inn- og utland, som via heimesida finn vegen til NSK med spørsmål om seterjobb eller faglege spørsmål av mange slag. Bruken av heimesida fortel så absolutt om stor interesse for seterdrifta, og viser kva potensiale som ligg i både driftsforma og stølskulturen i vidtyding.

### Fullt hus på medlemsmøte i Lom

Styret i Norsk seterkultur hadde lagt haustmøtet sitt til Garmo i Lom 24. september, og inviterte i det høvet til ope møte for medlemmar og andre interesserte. Styremedlem Kjersti Reksten Sole hadde sendt bodstikka rundt i Ottadalen - dvs. kommunane Vågå, Lom og Skjåk, og fram møtet var retteleg bra! Kjersti og Georg Sole opna den trivelege «gammelstugu» på garden for forsamlinga, og det vart ei svært vellukka økt med både interessant meningsutveksling og kaffe og kringle. Blant dei tema som var oppe kan vi nemne: severtilskotet - som møtelyden meinte bør aukast monaleg. Meir kostnadseffektiv pleie av kulturlandskap og biologisk mangfald enn stølsdrift finst ikkje! - Vidare var fleire opptekne av meieriet si mjølkehenting - tidsrom og informasjon. Det blir gjerne for stutt tid på setra og svært kort varsel før slutt på hentinga. Seterbrukaren sin situasjon innafor produsentlag, konkrete arbeidsoppgåver for Norsk seterkultur, organisasjonsutviklinga og samarbeid med andre organisasjonar vart elles drøfta.

### Medlemspengane

Det vart lagt ved giro i Seterbrukaren nr. 2, og mange har betalt. Men om nokon har gløymt det, så er det framleis ikkje for seint å fornye medlemskapet. Og skal du følgje med vidare i kampen for stølsdrifta og seterkulturen er det på tide å betale no!

# Fjellkonferansen

Av Yngve Rekdal

8.-10. september vart «Fjellkonferansen 2002» halde på Beitostølen.

Konferansen var eit ledd i markeringa av «Fjellenes år». Målsettinga var å fokusere på verdiar og utfordringar knytt til fjell og forvaltning av fjell som grunnlag for utvikling av ein bærekraftig fjellpolitikk.

Arrangør var Direktoratet for naturforvaltning i samarbeid med FRIFO, Statsskog, Norges Vel, Samarbeidsrådet for naturvernsaker m.fl. Konferansen omfatta mange tema kring kva verdiar fjellet representerer, bruken av fjellet sett frå landbruk, reindrift, reiseliv, utbyggingsinteresser og lokalsamfunn, samt fjellforvaltning. Både landbruksminister Lars Sponheim og miljøvernminister Børge Brende var til stades.

Av innlegga var det Lars Sponheim som sa mest om det som har med seterbruk å gjera. Han meinte utmarksressursane er av Noreg sitt største fortrinn for verdiskaping. Her ligg mange inn-tekstmulegheiter, men nye næringar må bera seg. Ein kan ikkje rekne med subsidiar. Distriktpolitikken må innsnevrast. Det er særleg innlandet som har langsiktige gale trendar. Både landbruk og reiseliv er næringar med dårleg lønnsvevne og har derfor vanskeleg for å konkurrere i tider med knappheit på arbeidskraft. Vi må bort frå planøkonomien i landbruket. Fjellnære område treng eit marknadsbasert landbruk. Kvar produsent må finne sin plass i marknaden i eit stort mangfald. Landbruket må utvidast til noko langt meir enn å mette magar. Auka velstand vil i framtida auke etterspørselen etter kvalitet innan mat, kultur og opplevingar. Bønder må lære å bli kremmarar. Reiselivet er marknadsorientert og kan tilføre eit produktorientert landbruk marknadstenkjing. Evna til å ta seg betalt for det genuine er heilt fjernt for landbruket. Det er viktig å finne balansen mellom næring og vern og mellom reiseliv og lokale interesser. Fjellet er også ein del bønders gode liv. Sponheim sa lite om seterdrift direkte, men meinte at setring/beiting aukar opplevinga av fjellet. Fokus på attgroingsproblem

måtte aukast. Han såg bruk av lauvtrevirke til bioenergi som einaste reiskap for å hindre tilgroing med skog. Arbeid med utmark i landbrukspolitikken har vore svakt og fragmentert til no meinte han.

John Petter Løvstad frå Norsk bonde- og småbrukarlag påpeika at perspektiv på beiting var fråverande i ministeren sitt innlegg og at siste jordbruksopp-gjeret medførte ei rekkje tiltak som reduserer beiting.

Elles var det nok i Øystein Dale frå Turistforeninga sitt innlegg at seterdrifta fekk sterkast støtte. Sunne fjell forutset levande bygder. Småskala-aktivitet vil overleve og er det einast bærekraftige på lang sikt i ei verd der vi bør redusere forbruket vårt til 1/10 av dagens nivå. Norsk landbruk må produsere kvalitetsmat, mattradisjon og matkultur. Seterkulturen er drivkraft i dette arbeidet og treng all vår støtte. DNT etterspør ny fjellpolitikk med langsiktig perspektiv. Dale foreslo å opprette ei «markagrense» i fjellet der areal ovafor denne grensa skal vera fri for inngrep.

Svein-Erik Ovesen frå Norges Turistråd meinte at Noreg aldri vil bli eit masseturismeland. Naturbaserte opplevingar er grunnlaget for norsk turisme. Vi må gjera det som er spesielt synleg, tydeleg og tilgjengeleg. At kulturlandskapet blir teke vare på er avgjerande.

Børge Brende sa i sitt innlegg at han ønskjer å verne større fjellområde. Han vil arbeide for å få dobbelt så mange nasjonalparkar her i landet. Kompetanse på biologi og planlegging må bygast opp lokalt når oppgåver skal overførast frå fylkesadministrasjonen. Fylkesmannen i Oppland, Kristin Hille Valla, foreslo ei nasjonal plan for støyfrie område.

## Bli med i



Da er du med på å:

- fremme seterdrifta og seterkulturen
- legge grunnlaget for eit informasjons- og kompetansesenter for seterkulturen
- skape eitt nettverk og eit fagmiljø, for aktive seterbrukarar og andre interesserte

Du får Seterbrukaren 4 gonger i året

### Medlemskontingent 2002

Aktiv seterbrukar	kr. 250,-
Støttemedlem/abonnement på Seterbrukaren	kr. 150,-
Organisasjonar/institusjonar	kr. 400,-

### Ja, eg vil bli medlem

- Aktiv seterbrukar
- Organisasjonar/institusjon
- Støttemedlem/tinging av Seterbrukaren

Navn: .....

.....

Adresse: .....

.....

Telefon: .....

Send også tilbud om medlemskap til:

Send kupongen til:  
NORSK SETERKULTUR  
6214 NORDDAL  
Tlf.: 70 25 91 77  
Fax: 70 25 91 57  
E-post: [seter@seterkultur.no](mailto:seter@seterkultur.no)  
Bankgiro: 2367 20 51 169

